



INVITASJON

til deg som føresett til elev på 8. trinn

Foreldretreff med Mari Prytz Malmanger
om foreldrerolla

Du har no fått ein tenåring i huset, og det melder seg nye og spanande utfordringar i forhold til foreldrerolla.



Målet med dette foredraget er:

- At du skal forstå tenåringen endå litt betre
- At vi saman skal reflektere over grensesetjing og relasjonsbygging med ungdommen
- At du saman med andre foreldre får reflektert over korleis de kan samarbeide for å skape eit trygt lokalsamfunn.

Mari Prytz Malmanger er utdanna sosionom og har jobba med ungdomar på ulike arenaer sidan 2012. Mari jobbar til dagleg i Ungdomsteamet i Sandnes der ho driv med oppsøkjande arbeid, individuelle samtalar med ungdom og foreldrerådgjeving. Ho har mange nyttige erfaringar å dele med dei som er nærast ungdomen og er opptekne av at ungdomar skal ha ein best mogeleg ungdomstid.

Dette er det første foreldretreffet i Sterk&Klar-programmet for ungdomstrinnet. I våre foredrag får de forskingsforankra kunnskap om foreldrerolla og førebygging av rusproblematikk. Det er ein beskyttande faktor å ha eit medvite forhold til foreldrerolla, grensesetjing og relasjonsbygging. Tydlege vaksne gir tryggare ungdom.

HVOR OG NÅR: BRYNE UNGDOMSSKOLE –TIRSDAG 28. OKTOBER KL. 18.00-19.30

Meld deg på her: <https://www.sterkogklar.no/kalender/foreldretreff-bryne-uskule-8-h>

TREFFET BLIR ARRANGERT AV SKULEN OG FAU I SAMARBEID MED STERK&KLAR

Velkomen!